

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Tilbakemelding til styret på spørsmål i styremøtet 07.09.17 - Endring i spesialisthelsetenestelova**

ARKIVSAK: 2017/68
STYRESAK: 103/17

STYREMØTE: 10.11.2017

Administrerende direktør si orientering pkt. 10

.....

Tilbakemelding til styret på spørsmål i styremøtet 07.09.17 - Endring i spesialisthelsetenestelova

Ny § 2-1 f. Dei regionale helseføretaka sitt ansvar for å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep blir presisert.

Frå 01.01.2018 trer ny § 2-1 f. i spesialisthelsetenesteloven i kraft som gir helseføretaka ansvaret for å førebygge, avdekkje og avverje vald og seksuelle overgrep.

Styret i Helse Vest bad om ein orientering på om denne lovendringa får eller bør få konsekvensar for behandlingstilboda i Helse Vest (Sak 082/17 pkt. 2).

Lovendringa kjem som ein del av eit arbeid der den lovgivande myndigheita ynskjer å bidra til at tenesta, både den kommunale helse- og omsorgstenesta, den fylkeskommunale tannhelsetenesta og spesialisthelsetenesta utviklar ein kultur kor arbeidet med å avdekkje og avverje vold og seksuelle overgrep blir ein meir naturleg del av det å yte helse- og omsorgstenester.

Etter Helse Vest si vurdering er måla om å førebygge, avdekkje og avverje vald og seksuelle overgrep tematikk som helseføretaka i Helse Vest allereie er oppmerksame på og jobbar systematisk med.

Mellom anna vart det satt i verk fleire tiltak i kjølvatnet av vedtak i sak 102/15 til styret i Helse Vest RHF «Avdekke vald og misbruk mot barn - rutinar og kompetanse i helseføretaka»:

Følgjande mål sto i styringsdokumentet til HF-a i 2016:

- *«Ha rutinar for å avdekke vald og misbruk mot barn. Rutinane må gjelde alle einingar som jobbar med barn. Helseføretaka må utarbeide kompetanseplan for å sikre at alt relevant personell har kompetanse for å avdekke vald og misbruk mot barn.»*

Alle helseføretaka har rapportert at målet er nådd og at dei har etablert rutinar som gjeld alle einingar som jobbar med barn.

I 2016 var det også eit mål i helseføretaka å tilsette sosialpediatrar i alle barneavdelingar. Fokus her er m.a. knytt til sporsikring og samtale/avhøyr av barn. I Helse Vest er dette på plass i Helse Bergen og i Helse Stavanger. Helse Fonna rapporterer at oppgåver og kompetanse blir teken i vare av andre pediatrar ved eininga, og at barn blir tilvist til Barnehuset i Stavanger der barn har vore utsett for overgrep.

Frå 2016 vart også ansvaret for tilbodet til barn og vaksne som har vore utsett for seksuelle overgrep overført til spesialisthelsetenesta (frå kommunen). Tilboda er på plass i alle helseføretaka, anten i samarbeid med kommunen eller berre i spesialisthelsetenesta.

Helsedirektoratet har nyleg sendt på høyring eit utkast til «Faglige råd ved utredning av risiko for vold- bruk av strukturerte kliniske verktøy». Dei faglege råda beskriv korleis helsepersonell i spesialisthelsetenesta kan gjere pålitelege vurderingar av risiko og kva strukturerte kliniske verktøy som blir anbefalt for å identifisere risiko og for å førebyggje moglege valdshandlingar. Helse Vest RHF vil sikre at råda blir godt kjent i helseføretaka når dei blir godkjende.